



Makrellen er allereie pent innpakka i plast sjølv om det er berre er eitpar timar sidan han vart fiska. Foran står Daniel (11), Tobias (11) og Sebastian (8), bak besteforeldra Jane og Frank Pedersen. (Foto. Ola Matti Mathisen)

Gårsdagens notering som gjekk ut på at eit tysk par har hatt 16 fiskeferier på Rabben held som vi antyda ikkje til siger i denne høgst uformelle tevlinga:

Den førebels rekorden er det Jane og Frank Pedersen frå Fredericia på Jylland som har. Dei har vore her og frista fisken i dei siste 25 åra. Og ikkje nok med det: Under Rabben-ferie nummer fem gifta dei seg! 8.8.2008 feirar dei difor 20-års bryllupsdag – sjølvsgat på Rabben.



Jane Pedersen eter 25 år på Rabben: - Bra at vi slepp å sjå andre danskar her!

8.8. 2008 var ein stor dag for dei, men den kunne ha vore enda meir vellukka hvis sorenskrivaren hadde vore litt sprekare. Aller helst ville dei at han skulle via dei under eit spesielt tre ved Djupehølen, men det sa han nei til og difor måtte dei dra til Stord. Men festen etterpå gjekk sjølvsgat før seg på Rabben!

Heime i Fredericia, som ligg der brua går over Lillebelt til Fyn, er Frank bruleggjar medan Jane tek seg av gamle

og sjuke. Dei har i mange år hatt Noreg som sitt nærmaste ferieland, og Frank var i si tid på fiskeferie både i Finnmark og Surnadal. Men i 1982 fekk to av venene deira bra med fisk på ein stad der dei hadde hamna ved eit reint tilfelle og som heitte Uskedalen. Og året etter sette dei alle kursen mot denne staden.

Det gjekk ikkje så bra. Det var lite vatn i elva og fangstane vart deretter. Men like før heimreisa kom regnet og siste kvelden i Uskedalen i 1983 fekk dei sju fine fjellaurar. Dermed var dei frelst – for Uskedalen! I kvartsekelet som har gått har dei fanga så mange fisk at dei ikkje tør tippa talet – og loggboka ligg heime. Eitt år sette dei ein utruleg rekord med 131,5 kilo laks og sjøaure, men då gav dei bort ein god del fisk til andre turistar og vertskapet.

Jane og Frank fiskar ikkje berre i Uskedalselva, men også i andre elvar i distriktet, Hardangerfjorden og Matrefjorden. Dette året har dei for første gong tre barnebarn utan foreldre med seg og ungane verkar like ivrige som besteforeldra.

Lakserekorden til Frank i Uskedalselva er ein rugg på seks kilo. I den sagnomsuste Etneelva har han rett nok fått ein på over 10 og to på over sju, men dansken likar seg best i vår elv fordi han her kan kjøpa eit rimeleg sesongkort og fiske når han vil. Og han har enno til gode å ikkje få fisk i Uskedalselva. Men han har fått mest fisk i fjorden – han seier "diverre".

Når uskedalen.no spør kva det ellers er som er så spesielt at paret held ut her frå to til fire veker kvar sommar, er svaret dette: - Det er ein ideell ferieplass, her kan vi fiska både i elv og fjord og gå turar på toppane og i lavlandet. Vi saknar ikkje noko spesielt og kjenner oss alltid like velkomne. Og så har vi fått mange gode vener frå fleire land i tillegg til vertskapet..

Det er også eit pluss at vi slepp å sjå andre danskar her!

Til slutt berre eit lite hint til dei som tek det: Burde ikkje Jane og Frank hatt ein spesiell medalje?

Av Ola Matti Mathisen



Frank Pedersen etter 25 år på Rabben: - Ein ideell plass!